

Ulvestad barneskule
v/Bjørn Breivik
Postboks 20
6133 Lauvstad

12.01.2015

Kunnskapsdepartementet
v/Saksbehandler Roger Spidsberg
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Uttale vedkomande høyringsnotat – Forslag til endringar i privatskulelova ("ny friskulelov").

1. Etter ei vurdering av nemnde lovforslag, finn vi grunnlag for å kome ein uttale. Vi har ikkje vore inviterte til høyring, men vil muleg verte direkte råka av det. Ettersom vi ikkje har mottatt høyringsnotatet til vurdering tidsnok, så vil vår uttale kun dreie seg om lovforslag punkt **10.5.6** og forslag til lova sin § 2-2 tredje ledd første punktum som er føreslått å lyde: "Dersom ein skule har færre enn 30 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort."
2. Ulvestad barneskule fekk godkjenning etter privatskulelova på religiøst grunnlag i 2013. Etter den tid har vi etablert ein svært god skule der elevane føler seg trygge, under god omsorg, får ei opplæring som er i tråd med (eller betre enn) dei krav som vert stilte til oss som driv skulen, og som samtlege er svært stolte av. Dei er 17 elevar som kjem frå ulike kommunar. Felles for dei er at alle i sine respektive kommunar har opplevd kommunal skulenedlegging. I tillegg til å då nytte høvet til å velje ein kristen skule, var det med visse om at dette skulle dei ikkje måtte oppleve igjen. Dette av at vi har eit framtidsperspektiv på å ligge over 15 elevar. Den tryggleiken elevane og foreldra har hatt om at ingen ytre faktorar skulle på nytt råke dei i form av skulenedlegging, kan no sjå ut til å breste med nemnde lovforslag.
3. Ein skule som vår er i tillegg til å vere eit godt alternativt undervisningstilbod i vårt område, ein skule av stor tyding for lokalsamfunnet. Både av å vere ein arbeidsplass for mange ved skuledelen og i sfo, ein samlingsstad for lokalsamfunnet, men også ein arena som muleggjer drift i det frivillige lags/organisasjonslivet reint praktisk. Døme på dette er at vi har frivillige lag og organisasjonar som korps, fleire kor, musikksskule, eit bibliotek, eit kultur/grendehus og andre organisasjonar som direkte nyt godt av at vår skule gjev dei fritt tilgjengeleg og oppvarma lokale, og muleggjer dermed deira drift. Utan oss vil også dette samfunnsgodet stogge opp og verte nær umogleg å drive vidare. Sjølve organisasjonen bak skuledrifta er også eit stort frivillig arbeid, og vi har lagt ned mange tusentals timar for at akkurat denne skulen skal vere det aller beste tilbodet til desse elevane.
4. Idag kan borna ved skulen gå til ein skule i trygge oppvekstrammer og etter dei kristne verdiane familiane verdsett og som vi tilbyr. Mange av elevane har også særlege behov, der dei har glede nettopp av at skulen er liten. Mellom anna er mobbing på små skular som vår ikkje-eksisterande utifrå både elevane og foreldra sine uttalar, og miljøet er fullstendig transparent slik at dei tilsette vil kunne fange opp alle hendingar. Spesialundervisninga er også av ein langt høgare kvalitet og mengd enn kva den kommunale skulen tilbyr. Dei elevane som vi ser treng det har, også grunna storleiken vår, fått meir hjelp enn det sjølve einskildvedtaka deira tilseier. Dette er noko ein større skule normalt ikkje vil klare å handsame. Somme born har sosiale utfordringar, der mykje vaksenkontakt er deira direkte tryggleik.
5. Ei lovinnføring med tilbakeverkande kraft på dei etablerte privatskulane, etter så kort tid etter vår oppstart, vil medføre at den "tilhørighet" som bakgrunnen til lovforslaget nemner at elevane

treng, ikkje vil vere der lenger. Når heller ikkje lovforslaget kan syne til forskning som støttar opp om dei nemnde fordelane elevane skulle ha av eventuelle større miljø, så vert grunnlaget til lovforslaget særst dårleg. Vi kan i motsett fall, som fleire i høyringa nok vil nemne, syne til både forskingar og studiar som er gjort, som klart kan trekke fram alle dei gevinstante elevane har ved mindre miljø og fådelte skular. Samtidig som dei negative påstandane ikkje vert funne. Dette gjeld også ved vår skule.

6. Elevgruppa vår har opplevd nedleggingar før, og vert no på nytt ein gjenstand for det øvrige samfunnet sine nye tankar om noko som skal vere betre. Eit lovforslag på denne måten vil føre til at dei vert splitta og overført til ulike skular i dei kommunane dei soknar til. Dei kan då i tenkte tilfelle oppleve å verte ført over til skular som er under 30 elevar, men i kommunal regi. Dei har då tapt denne «tilhørigheten» utan å få noko av den gevinsten lovforslaget skulle gje dei.
7. Vi finn det også som eit tankekors at dei påstandane som står i bakgrunnen til lovforslaget om negative konsekvensar med få elevane, gjev kommunane ein konkurransevidande effekt. Dersom det skulle vere hald i dei nemnde fordelane ved store privatskular skular, så burde kommunale skular ha same elevgrensa. Det har dei ikkje, og det er i den geografien vi har i Noreg ikkje praktisk mogleg utan å øydelegge stort for mange lokalsamfunn. Private skular bør difor kunne gje sitt tilbod ut frå dei same vurderingar og grunnlag som kommunen. Vi ser likevel at det praktisk må nyttast ei grense, men den bør på ingen måte vere høgare enn 15.
8. Regjeringserklæringa tok mål av seg til å sørge for at fleire private skular kunne etablere seg. Å endre lova vil medføre at ein får færre og at ein reelt ikkje har ambisjon om å nå dette målet. Å late store einingar konsumere dei mindre, er ikkje ei forbetring av tilbod. Det vil vere det motsette. Foreldra sjølve vil vere dei beste til å vurdere om deira elevar nyt godt av ein liten skule eller ikkje. Dei skulane som vert for små, vil naturlegvis verte avslutta av foreldra sjølve. Ei grense på 15 elevar vert likevel sett på som ei akseptabel grense, sjølv om ein i einskilde tilfelle kunne gå lågare.
9. Avslutningsvis:
Vi vil på det sterkaste råde departementet til at ein held fast på den tidlegare grensa på 15 elevar som har vore etablert gjennom mange år.

Elevar landet over i små skular, om det er privat eller kommunal, har det svært bra og gjerne langt betre enn elevar i store skular. Dei frydar seg av å kunne gå til akkurat sin skule, og det fortener dei.

Venleg helsing

Bjørn Breivik
Rektor
For Ulvestad barneskule